

SULDAL KONTROLLUTVAL

PROTOKOLL

Torsdag **25. februar 2016** blei det halde møte i Suldal kontrollutval under leiing av nestleiar Tormod Skeie.

MØTESTAD:	Suldal kommunehus, kommunestyresalen
MØTESTART-MØTESLUTT:	kl. 10.00 – 13.05 inkl. pause
MØTANDE MEDLEMMER:	Eldbjørg Sivertsen (Krf), Tormod Skeie (SV), Heine Mo Willig (SV) og Otto Underbakke (H)
FORFALL:	Vanja Ignjatic (H)
MØTANDE VARAMEDLEMMER:	Ingen – grunna kort varsel
FRÅ SEKRETARIATET MØTTE:	Rådgjevar Odd Gunnar Høie, Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
FRÅ REVISJONEN MØTTE:	Revisor Bernt Mæland, Rogaland Revisjon IKS
FRÅ ADMINISTRASJONEN MØTTE:	Rådmann Øyvind Valen i sak 07/16 og Ymse
ANDRE SOM MØTTE:	Gruppeleiar Nils Bjarne Vold (V), Rainer Speth (H) og Magne Langeland (Sp) i sak 07/16
MERKNADER TIL INNKALLING:	Ingen
MERKNADER TIL SAKLISTE:	Ingen

FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:

SAK 07/16 OVERORDNA ANALYSE – INNSPEL TIL NY PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON

Sekretariatet si innstilling:

Suldal kontrollutval tek innspel frå ordførar, gruppeleiarar og rådmann til ny plan for forvaltningsrevisjon til orientering. Utvalet kommer tilbake til saka når prosjekt skal prioriterast.

Handsaming i kontrollutvalet 25.02.16:

Møteleiar innleia om saka og gjorde greie for føremålet med møtet. Revisor gjekk igjennom hovudpunkta i den overordna analysen.

R. Speth spurte om kommunestyret blei varsla dersom utvalet vel andre prosjekt enn dei prioriterte i planen. Det er pr. i dag ikkje rutinar for ei slik varsling.

Revisor, supplert av rådmannen, svara på spørsmål undervegs i presentasjonen.

Gruppeleiarane og rådmannen kommenterte analysen og kva dei meinte var mest aktuelle område for forvaltningsrevisjon i den komande perioden.

Revisor noterte seg innspela. Partia vil få tilsendt referatet og det vil vere mogleg for dei å kome med uttale til analysen og planen. Revisor ønskte å få ei skriftleg tilbakemelding frå rådmannen.

Fleire av utvalsmedlemmene hadde laga liste over sine prioriteringar. Sekretær fekk listene og formidlar desse til revisor.

Utvalet drøfta framdriftsplanen vidare og ønskte at Rogaland Revisjon IKS utarbeidde eit framlegg til plan til neste møte. Utvalet ønskte at dei ulike forvaltningsområda blir prioritert i planen.

Dersom planen blir gjort ferdig i neste møte, kan kommunestyret få den til handsaming før sommarferien. Det vil då vera mogleg for å starte opp eit forvaltningsrevisjonsprosjekt allereie til hausten.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 25.02.16:

Suldal kontrollutval tek innspel frå gruppeleiarar og rådmann til ny plan for forvaltningsrevisjon til orientering. Utvalet kommer tilbake til saka når prosjekt skal prioriterast. Rogaland Revisjon IKS utarbeider framlegg til plan til neste møte 26.04.16.

SAK 08/16 GODKJENNING AV PROTOKOLL 28.01.16

Sekretariatet si innstilling:

Protokoll frå møte i kontrollutvalet 28.01.16 blir godkjent slik han ligg føre.

Handsaming i kontrollutvalet 25.02.16 :

Utvalet hadde ingen merknader til protokollen.

Møteleiar peika på at møta ikkje vert godt nok annonsert. Utvalet var samd i at møta i kontrollutvalet må annonserast i Suldalsposten og på kommunen sine heimesider.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 25.02.16:

Protokoll frå møte i kontrollutvalet 28.01.16 blir godkjent slik han ligg føre .

SAK 09/16 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 25.02.16

11. Statusoversikt pr. februar 2016
12. Rapport frå NKRF-konferansen - munnleg
13. eINFO 16/1 – Talerett i kommunale organ
14. Kontrollrapport 2015 vedrørande skatteoppkrevarfunksjonen for Suldal kommune

Handsaming i kontrollutvalet 25.02.16:

Møteleiar gjekk gjennom sakene. NKRF-konferansen hadde vore lærerik og interessant. Utvalet hadde elles ingen merknader til referatsakene.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 25.02.16:

Referatsakene 11 - 14 blir tatt til orientering.

YMSE

Dom i barnevernsak - (Handsama i lukka møte jfr. off.lova § 13 og kom.lova § 31)

Rådmannen tok sete. Han opplyste at det var falt dom i ei barnevernsak der kommunen hadde fått medhald. Utvalet hadde tidligare fått ei bekymringsmelding, jfr. sak 09/15 i møte 29.04.15 om denne saka. Utvalet gjekk ikkje inn i saka, men bad rådmannen ta saka opp til ny handsaming.

Rådmannen opplyste at han tok dommen til etterretning. Kopi av dommen blei delt ut, lest i møtet og deretter samla inn for å bli makulert.

Neste møte: tysdag 26.04.16, kl. 10.00

Sand/Aksdal, 25.02.16

Tormod Skeie
Nestleiar

Odd Gunnar Høie
Kontrollutvalssekretær